



Jnr. 1015.21
THM/aat

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
fredag 19. mars d.å kl. 08.00, på Teams.

Tidsplan:

- Kl. 08.00 Møtestart og sakshandsaming av sak 08/21 - Geopark Sunnhordland
- Kl. 09.00 Fellesmøte med Haugalandrådet, ref. vedlagde agenda
- Kl. 12.00 Lunsjpause
- Kl. 12.30 Presentasjon av Grøn region Vestland
v/ Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Spesialrådgjevar for Vestland fylkeskommune
- Kl. 12.50 Sakshandsaming forts.

Sakslista:

- Sak 07/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 29. januar
- Sak 08/21 Geopark Sunnhordland
- Sak 09/21 Framlegg til årsmelding 2020
- Sak 10/21 Framlegg til rekneskap 2020
- Sak 11/21 Framlegg til økonomiplan 2021-2024
- Sak 12/21 Framlegg til budsjett 2021
- Sak 13/21 Framlegg til handlingsplan 2021
- Sak 14/21 Framlegg til nytt styret 2021-2023
- Sak 15/21 Framlegg til ny representantskapsleiar og nestleiar 2021-2023
- Sak 16/21 Framlegg til revisor
- Sak 17/21 Val av representant til styringsgruppa for reiselivet
- Sak 18/21 Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Felles
fråsegn
- Sak 19/21 Ymse

Sunnhordland, 12. mars 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00
Teams

Sak 08/21
THM/aat

GEPARK SUNNHORDLAND – vegen mot UNESCO status!

Kva er ein UNESCO Global Geopark?

Ein UNESCO-geopark er eit definert område med geoarv av global verdi og med ein strategi for berekraftig utvikling. For å oppnå status som UNESCO-geopark må ein kunne vise til unik geologi på verdsbasis, og korleis denne har påverka kulturen i området. Eit område som vert godkjent som UNESCO-geopark, kan bruke UNESCO-logoen i marknadsføringa.

Bakgrunn/historie

Geopark Sunnhordland vart spelt inn som sak av tidlegare ordførar i Bømlo, Odd Harald Hovland på Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt møte i august 2013, og fyrste vedtak om forprosjekt blei gjort 19. juni 2014. Målet med forprosjektet var å avklara om det var grunnlag for å utvikla ein UNESCO-Geopark i Sunnhordland.

Bakgrunnen for å starte forprosjektet er godt beskreve i referatet frå møte 19. juni 2014, sak 36/14:

«Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer å gjennomføra eit forprosjekt som ser på moglegheitene for å etablera ein Geopark i Sunnhordland. I prosjektet skal det gjennomførast ei fagleg kartlegging av kva potensiale som ligg i kvar kommune, kva som kan vidareutviklast i eksisterande anlegg og korleis ein kan utvikla regionen tilpassa National Geographic og UNESCO sin definisjon av omgrepet Geopark, der tema geologi, geografi, kultur og reisemål blir sett i, og marknadsført, i ein samanheng».

Forprosjektet vart finansiert med midlar frå tiltakspotten og regionalt næringsfond. Brynjar Stautland vart tilsett som prosjektleiar.

Etter gjennomført forprosjekt blei det konkludert med at Sunnhordland hadde eit svært godt grunnlag for etablering av ein Geopark, og at det ville vera eit viktig steg for å knyta saman fleire aktørar, fleire ulike prosjekt og satsingsområde i regionen.

Det vart på Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt møte 30. oktober 2015 samrøystes vedtatt eit hovudprosjekt, Geopark Sunnhordland:

Vedtak:

1. Samarbeidsrådet er positive til oppstart av eit hovudprosjekt Geopark Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet søker Hordaland fylkeskommune om 50% av kostnadane.
3. Samarbeidsrådet går inn med kr. 10.000 frå tiltakspotten i 2015 og kr. 50 000 i både 2016 og 2017.
4. Det er ein føresetnad før oppstart av hovudprosjektet at prosjektet er fullfinansiert.

Hovudprosjekt Geopark Sunnhordland er no i ein fase der det er nødvendig at kommunane / Samarbeidsrådet drøftar om det er ynskje og vilje til å satsa vidare fram mot ein UNESCO status for Geopark Sunnhordland.

Målet

I forprosjektet blei det tydeleg at region Sunnhordland har ein geologi av både nasjonal og internasjonalt verdi, og som fyller krava til å kunne søka UNESCO Global Geopark-status. Dette vart verifisert og grunngjeve i profesjonsutsegna etter eit fagseminar i Moster Amfi april 2017, med dei sju mest relevante fagpersonane i Noreg innan geologi og arkeologi i Sunnhordland (UiB, NGU og OD).

Geopark Sunnhordland fekk våren 2019 status som Norsk Geopark, gjeven av Norsk komite for Geoparker. Denne statusen heng høgt, og stadfestar grunnlaget for å få UNESCO GGN-status.

Det vart hausten 2019 også etablert eit fagråd av fire professorar frå UiB og NGU med ansvar for skriving av dei faglege kapitela av UNESCO-søknaden, utarbeiding av grundig og relevant kartmateriell, samt gjennom feltarbeid undersøke og beskrive både kjende og nye lokalitetar. Fagrådet møtest regelmessig og er godt i gang med det omfattande arbeidet som vert gjort vederlagsfritt for prosjektet.

Parallelt med dette er det arbeid for å laga innhald i geoparken. Dette er blant anna retta mot reiselivsdelen og tilrettelegging av dei ulike lokasjonane i kommunane.

No er hovudprosjekt Geopark Sunnhordland i innspurten til å kunne søke UNESCO status! Søknaden skal leverast i oktober 2021, og varsling om søknaden (*Letter of Intent*) skal sendast Den Norske UNESCO-kommisjonen via Norsk komité for Geoparker medio april 2021.

Ringverknader av UNESCO-status for regionen Sunnhordland

UNESCO-logoen er eit av verdas mest anerkjende kvalitetsmerke for reisemål, spesielt som verdsarv og geoparker. Kva det økonomiske resultatet vil bli for Sunnhordland er usikker spådom, då ingen UNESCO-område er like. Men det er grunn til å forvente auka volum av besøkande til Sunnhordland dersom me kan promotere regionen med UNESCO status. UNESCO viser sjølv til verdiskapingsanalysar som gjev 6-10 gonger gevinst på innsatsen. Ein UNESCO status gjer og betre tilgang til deltaking og finansiering i EU prosjekt.

I Noreg er det åtte UNESCO-verdsarvområde basert på natur- og kulturarv, eitt biosfæreområde og tre geoparker. Med geopark i Sunnhordland vil alle UNESCO-statusane vera representert i Vestland fylke, som det einaste fylket i Noreg.

Ulike UNESCO-statusar for geografiske område

UNESCO Verdsarv er etablert på eit unikt natur- og/eller kulturminne som td. kulturlandskapet i den spektakulære Nærøyfjorden.

UNESCO Biosfæreområde har samfunnsforskning og berekraftig utvikling av eit geografisk område/samfunn som fokus. Nordhordland fekk slik status i 2019. Effekten for reiseliv i Nordhordland er ukjent, både pga kort fartstid og sidan biosfærestatus ikkje er retta mot reiseliv.

UNESCO Geoparkar skal ha fokus på unik geologi og/eller samanheng mellom spesiell geologi og kultur av global verdi og interesse. Den skal levera materiale og kunnskap for undervisning og forvaltning, og leggje til rette kunnskap om den særskilte geoarven i regionen som produkt til bruk i reiselivet. UNESCO-logoen kan nyttast av reiselivsbedriftene.

For Sunnhordland sin del er temaet korleis geologi har gjeve grunnlag for industri og kultur frå steinalder til oljealder, samt dei store istidsforteljingane i fjorden og fjella.

Magma Geopark viser til ein auke i ferie- og fritidssegmentet i Egersund m. omegn på 102% frå UNESCO-status i 2015 til i dag. Magma har ikkje etablert besøkssenter med tilbod som kan måle seg med våre.

Gea Norvegica Geopark (2015) ligg i Larvik og Kragerø-området med lang historie som turistdestinasjon. Verdiauken er difor vanskeleg å måle, også fordi dei ikkje har ein utvikla besøksportal.

Trollfjell Geopark (2019) vart etablert i dels overlappende geografisk område som Vegaøyane som allereie hadde UNESCO-status. Dei har ikkje ein utvikla besøksportal, og effekten av geoparkens UNESCO-status er lite målbar pga. kort fartstid, eksisterande UNESCO-status frå før samt manglande besøkssenter.

Med Moster Amfi, Folgefonnsenteret, Sunnhordland Museum og Steinparken i Rosendal er Sunnhordland allereie sær godt forsynt med velutstyrte besøkssenter for ein geopark. Samla hadde desse omlag 20 000 besøkande i 2020. Kva er potensialet for desse med UNESCO-status, når Vega Verdsarvsenter opplevde ei sjudobling av besøket på 15 år? MENON sin verdiskapingsanalyse av reiselivet i Sunnhordland (2020) viser elles til at UNESCO-status på Sunnhordland er eit godt svar på trongen for eit samlande 'fyrstårn' for promoteringa.

UNESCO geopark status betyr ikkje at Sunnhordland vert 'freda'. Den vil bidra til å bygge merkevara Sunnhordland som ein reiselivsdestinasjon, og gje grobotn, kunnskap og reiskap for nye aktørar. Medlemskap og samarbeid i geoparknettverket gjev òg gode moglegheiter for EU-finansiering av samarbeidsprosjekt.

Geofood er det offisielle merket på lokal mat, og på restaurantar som serverer lokalmat, i ein UNESCO Global Geopark. Det er berre geoparkar som har UNESCO status som kan nytta merket. I dag er det 11 geoparkar som kan bruka varemerket, men fleire er undervegs. Målet er å auka merksemda rundt lokal mat og viktigheita av geologisk mangfald for å oppretthalda berekraftig matproduksjon. Fleire lokalmatprodusentar i Sunnhordland følg dette arbeidet, og ser eit stort potensiale i å verta ein del av nettverket. Det vert og vist til at gjennom dette arbeidet kjem det og nyetableringar.

Geopark Sunnhordland ligg nære urbane områder, som gjer det enkelt og ekstra attraktivt for den reisande å komme seg til og frå, samt finne stad og overnatte. Tilreisande til Geopark Sunnhordland vil oppleve å få i «pose og sekk». Ein vil på ein og same dag kunne oppleve isbre, urørte fjelltoppar, bade og padle i kystperleriket samt oppleve det urbane livet, med tilrettelagte actionfylte aktivitetar, velvære, shopping, kafear og mat i verdensklasse. Og for fastbuande gjev det ein ekstra grunn til å vera stolte over Sunnhordland, at landskapet og geoarven vår er av så høg verdi på verdsbasis at det kvalifiserer til UNESCO-status. Affeksjon til heimstaden er som kjent vesentleg årsak for etter utdanning å busetje seg der ein vaks opp.

Kriteria som må oppfyllest for å søke UNESCO status er:

- Registrert som sjølvstendig juridisk eining med organisasjonsnummer og med føreseieleleg driftsfinansiering fram til første revalidering (jan 2022-des.2026).
- Skilting og profilering i heile regionen. Området skal på søknadstidspunktet , og seinast ved UNESCO-synfaringa, framstå som ein profilert geopark, dvs. langs innfartsårene E39 og E134, på besøkssentera, lokalitetane, SoMe og språkversjonar nettside og kartmateriell.
- Geoparken skal fungere som geopark, dvs. ha dagleg drift og bemanning, drive kursing av reiselivsbedrifter og guidar, fasilitering, undervisning, promotering og skape aktivitet.
- Solid fagleg grunngeving for søknaden.

Organisering

Det vert vurdert som strategisk tenleg at Samarbeidsrådet eig geoparken for å kunne koordinere visit-arbeidet med geoparken i og med at begge har reiseliv som målgruppe.

I samråd med revisor og jurist vert det rådd til at geoparken bør vera eit ideelt aksjeselskap registrert i Frivillighetsregisteret. Det gjev tilgang til mva-kompensasjon samt offentlege og private tilskotsordningar, men hindrar aksjeutbyte.

IKS, Stifting og AS er vurdert, men eit IKS kan ikkje eige eit anna IKS. Sameleis med stifting, som også er meir tungrodd enn eit AS ved evt. endringar. Etter drøftingar med revisor og juristar synest det som at AS eigd av Samarbeidsrådet er best tenleg organisasjonsform så lenge det er eit poeng at regionrådet vil koordinere geoparken og visitselskapet sitt arbeid.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland må ta stilling til kven som skal eige Geopark Sunnhordland når ein no bevegar seg frå prosjektfase til driftsfase. Avgjersla må skje i god tid før søknaden skal sendast i oktober 2021. UNESCO-status blir tildelt primo 2023, og det vil vera ei føremon at drifta er sikra fram til revalidering i 2026. Det bør gå fram i søknaden at drift i størst mogleg grad er basert på føreseieleleg finansiering og ikkje berre prosjektmidlar.

Prosjektet Geopark Sunnhordland har p.t. eit interimsstyre bestående av 4 partnerar, i tillegg til Samarbeidsrådet for Sunnhordland (prosjekteigar). Desse har lagt inn vesentleg kapital til prosjektet med sin kompetanse og tyngde, og bør halda fram i styret for å sikre den relevante forankringa geoparken har i Sunnhordland. Relevante verksemder i regionen kan bli medlem i Geopark Sunnhordland mot årleg medlemsavgift. Medlemskap gjev ikkje krav om styreplass men rett til å bruke Geopark Sunnhordland sin logo og UNESCO logo i eigen marknadsføring. Kontingent blir kravd når UNESCO-statusen er i hamn og logoen kan nyttast av medlemene. Medlemskap inneber opplæring i geoparken sitt tema samt gjensidig profilering. Formidlingsoppdrag utanom dette må honorerast. Det må utarbeidast kriteria for korleis medlemskap i Geopark Sunnhordland vs. Visit Sunnhordland eller begge skal handsamast.

Kostnad/finansiering

I søknaden om UNESCO-status er eit av kriteria at føreseieleg drift av Geopark Sunnhordland er på plass. Med bakgrunn i dette og iht Samarbeidsrådet sin vidare sakshandsaming meiner administrasjonen det allereie no er viktig å informera kommunane om ca. kor store driftskostnader for Geopark Sunnhordland vert.

Hovudprosjekt 2021 – prosjektfinansiert:

Geopark Sunnhordland fekk i 2018 tilsegn på 1000 000,- hos Vestland fylkeskommune. Som vilkår for tilskotet skal prosjektet vera ferdig sluttrapportert innan 30. juni 2021.

Administrasjonen vil arbeide for at tilsegna skal gjelde ut 2021 samt arbeide for å sikre nødvendig finansiering til siste halvår 2021, slik at arbeidet fram mot å få etablert UNESCO Geopark kan halda fram.

P.t. er det tilsett prosjektleiar i 50%, i tillegg kjem eigeninnsats frå Samarbeidsrådet sin administrasjon, Visit Sunnhordland samt ein stor eigeninnsats frå geologar tilsett hos UiB og NGU. Partnarane Folgefonnssenteret, Rosendal stiftinga, Sunnhordland Museum og Moster Amfi legg også ned eigeninnsats i prosjektet.

Samarbeidsrådet har i tillegg fått prosjektmidlar på kr. 100 000,- i 2020.

Drift 2022 – eige selskap:

Pr i dag har ein ikkje driftsmidlar til år 2022.

Tilbakemeldinga frå etablerte geoparkar i Norge er at ein bør ha minimum 2,5 årsverk for å få på plass nødvendig kompetanse ein treng i geoparken.

Administrasjonen meiner likevel at det i hovudsak er viktigast å få på plass dagleg leiar i 100% stilling i 2022. For ressursar innan marknad/kommunikasjon og administrasjon kan ein til ein viss grad dra nytte av kompetansen hos Visit Sunnhordland og administrasjonen i Samarbeidsrådet.

I tillegg kjem driftskostnader som leige av kontorlokale, rekvisita, møter, reiser, rekneskap/revisjon m.m.

Døme budsjett år 2022 :

KOSTNADER		FINANSIERING	
ART	BUDSJETT	KJELDE	BUDSJETT
Løn dagleg leiar 100% inkl.sos.kostn.	910 000	Kommunane i Shl. *3	810 000
Marknad/kommunikasjon	150 000	VLFK – årleg driftstilskot *2	500 000
Administrativ ressurs	150 000	Eigeninnsats SRS	50 000
Geolog ressurs *1	150 000	Eig.innsats Visit Shl.	50 000
Reise/møte	100 000	Eig.innsat UiB/NGU *1	150 000
Kontorkostnader	50 000		
Diverse	50 000		
Sum	1 560 000		1 560 000

Kommentar til budsjett:

- *1 - Geolog ressurs er nødvendig. Fram mot UNESCO-status kan ein argumentere for at det geofaglege er på plass gjennom avtale med Institutt for geovitenskap v/UiB samt NGU.
- *2 - Vestland fylkeskommune arbeider med eit framlegg til årleg driftstilskot til UNESCO-parkar i fylket frå 2022. Ein ser føre seg at dette tilskotet vert kr. 500 000,-.
- *3 - Ovannemnde budsjett syner forslag til finansiering frå kommunane på kr. 810 000,-. Dette utgjer t.d. ca. kr. 12,5 pr innbyggjar eller evt. kan vera anna fordeling som t.d. lik fordeling mellom kommunane.

Døme budsjett pr. år frå 2023 – og framover, etter status som UNESCO-Geopark:

KOSTNADER		FINANSIERING	
ART	BUDSJETT	KJELDE	BUDSJETT
Løn dagleg leiar 100% inkl.sos.kostn.	950 000	Kommunane i Shl. Inkl. ca. reg. KPI	830 000
Løn geolog 100% inkl. sos.kostn. *1	950 000	Statsbudsjettet – årleg driftstilskot *2	1 000 000
Marknad/kommunikasjon	100 000	VLFK – årleg driftstilskot	500 000
Administrativ ressurs	100 000		
Reise/møte/seminar	130 000		
Kontorkostnader	50 000		
Diverse	50 000		
Sum	2 330 000	Sum	2 330 000

Kommentar til budsjett:

Det kan for Sunnhordland vera ei god løysing med ei 3-delt finansiering – kommunar, fylkeskommune og stat. Denne finansieringsmåten er også nytta i andre geoparkar.

- *1 - Det er lagt inn ei 100% stilling som geolog. Det er krav til å ha tilsett geolog i 100% stilling etter at UNESCO-status er gitt.
- *2 - UNESCO-geoparkar er inne på Statsbudsjettet med årleg støtte på 1 mill. kroner pr. park.

Andre inntekter

I tillegg har Geopark Sunnhordland moglegheit til å skaffe andre inntekter i form av å ta på seg kommersielle oppdrag som t.d. undervisning, guiding og event.

Investeringar

Når det gjeld investeringar som til dømes skilting av hovudportal og lokalitetar osv. skal dei dekkast gjennom private og offentlege støtteordningar og samarbeid med desse (bankar, fond, energiselskap m.m.) Dette arbeidet er i gang.

Forslag til ulike fordelingsnøklar

Modellar der ein nyttar geolokalitetar, medlemsbedrifter i Visit Sunnhordland og/eller andre parameter, blir upresist i fordeling av driftsbudsjett mellom kommunane. Geolokalitetane blir i UNESCO-søknaden kategorisert i eit system av klassar, skjermingsbehov, målgrupper, vanskegrad for tilgjenge mm og er ikkje like storleikar. Lista over lokalitetar vil også vera i utvikling. Det er heller ingen samanheng mellom tal på lokalitetar i kommunane og reiselivsverksemdar i kommunen som evt. enkelt kan nytte lokalitetane kommersielt. Lokalitetar i ein kommune kan bety verdi og omsetjing i ein annan. Slik interaksjon er både naturleg og bra. Geoparken skal promotere regionen.

Dersom kommunane sin andel av driftsbudsjettet vert delt likt blir summen kr.102.750,- pr kommune.

Følgande ulike alternativ til økonomiske fordelingsnøklar er relevant å vurdere:

Alt. 1: Likt fordelt

Alle: Kr.50.000,- pr kommune + kr.6,50 pr innbyggjar.

Sum kr. 822.610

Alt.2: Bømlo mest

Sidan Bømlo kommune har mange lokalitetar samt hovudportalen, er eit alternativ at Bømlo går inn med eit høgare grunnbeløp.

Bømlo kr. 70.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar.

Resten kr. 47.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar.

Sum kr. 822.610

Alt.3: Hovudakse Bømlo-Stord-Kvinnherad

a) Bømlo er sentral i Sunnhordlands geoarv, samt har hovudportalen i Moster Amfi.

b) Stord har det største hotellet, Litlabø gruver, bystatus. Knutepunkt for kommunikasjon.

c) Kvinnherad har nasjonalparken, Folgefonnssenteret, Steinparken, Baroniet Rosendal, bergverkhistorikken i Ølve, Shld's lengste turisthistorie samt flest hotellsenger.

Desse tre kommunane legg inn eit noko høgare grunnbeløp. Differansen går til avkorting på grunnbeløpet til dei fem andre kommunane slik:

Bømlo	kr. 80.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Stord	kr. 65.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Kvinnherad	kr. 65.000,- + kr. 6,50 pr innbyggjar
Fitjar, Austevoll, Tysnes, Etne, Sveio:	Kr. 38.000,- + kr. 6,50 pr. innbyggjar.

Sum kr. 822.610

Kva konkret må Samarbeidsrådet for Sunnhordland ta stilling til, og til kva dato, for å kunne søke UNESCO søknad?

- Selskapsform (ideelt as)
- Samarbeidsrådet eig Geopark Sunnhordland som dotterselskap
- Styremedlem
- Aksjekapital
- Driftsfinansiering
- Stiftingsdato før 01.09.2021.

I AU sitt møte 26. februar vart saka på nytt drøfta, og med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing tilrår arbeidsutvalet at det blir stifta eit ideelt aksjeselskap.

Aksjekapitalen kan vera med utgangspunkt i minimumskravet på kr. 30.000,-. Aksjekapitalen vert belasta likviditeten til Samarbeidsrådet og får ingen effekt på resultat og påverkar heller ikkje eigenkapitalen til Samarbeidsrådet.

AU tilrår eit styre bestående av minimum 3 og max 7 medleamar. Eit styre bestående av t.d. 3 medlemer forutset ei godt samansett arbeidsgruppe i tillegg. Styre og evt. Arbeidsgruppe bør bestå av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.

AU ser føre seg at kombinasjonen eit flatt kommunetilskot, kombinert med utrekning etter innbyggjar kan vera det mest hensiktsmessige.

AU tilrår fordelingsnøkkel ref. alternativ 1 eller alternativ 3.

Framlegg til vedtak:

- Samarbeidsrådet stiftar eit ideelt aksjeselskap – Geopark Sunnhordland AS innan 1. september 2021.
- Samarbeidsrådet går inn med kr. 30 000,- i aksjekapital.
- Samarbeidsrådet tilrår at styre består av minimum 3 og max 7 medlemmer, bestående av ein kombinasjon av politisk kompetanse og nettverk og fagkunnskap innan både reiseliv og geologi/arkeologi. I tillegg bør fylkeskommunen vera representert.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen utarbeida forslag til stiftingsdokument og selskapsavtale.
- Samarbeidsrådet bed administrasjonen sende søknad om midlar til kommunane med utgangspunkt i fordelingsnøkkel ref. alternativ nr.

MØTEBOK
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00
Teams

Sak 09/21
THM/aat

Framlegg til årsmelding 2020

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til årsmeldinga.

Årsmelding ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2020 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 10/21

THM/aat

Framlegg til rekneskap 2020

Rekneskapen er gjeldande for Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Visit Sunnhordland, men ein legg likevel ved spesifisert rekneskap som syner Samarbeidsrådet og Visit Sunnhordland kvar for seg. Rekneskapen vert lagt fram med eit totalt overskot på kr. 164 050,-.

Overskotet vert overført til annan eigenkapital.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til rekneskapen.

Rekneskapen ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 2020 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 11/21

THM/aat

Framlegg til økonomiplan 2021 - 2024

Administrasjonen legg med dette fram forslag til økonomiplan for perioden 2021-2024.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til økonomiplanen.

Økonomiplanen ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2021-2024 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 12/21

THM/aat

Framlegg til budsjett 2021

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland la for 2020 fram eit budsjett med underdekning. Det vart difor føreteke nødvendige økonomiske tiltak i 2020 som bidreg til å få budsjettet i balanse. Partnerskapsavtalen med fylkeskommunen gjekk ut 2020 og fylkestilskotet fell dermed vekk i 2021.

Budsjettet gjeld for Samarbeidsrådet og Visit Sunnhordland, men ein legg likevel ved spesifisert budsjett som syner Samarbeidsrådet og Visit Sunnhordland kvar for seg.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til budsjetta.

Forslag til budsjett for 2021 ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek budsjetta for 2021 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 13/21

THM/aat

Handlingsplan 2021

Forslag til handlingsplan for 2021 ligg som vedlegg.

Etter avtale med AU bed administrasjonen om at ein tek ein gjennomgang på prioritert arbeid 2021 i handlingsplanen for Samarbeidsrådet. Bed difor om at ein merkar seg dette særskilt.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskjeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til handlingsplanen.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2021 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 14/21

THM/aat

FRAMLEGG TIL NYTT STYRET I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Val av nytt styret 2021-2023

Styret i Samarbeidsrådet vert valt for to år. Det er Representantskapet som vel styret. Styret i Samarbeidsrådet skal i følgje vedtektene vera samansett av 3 medlemmer. Det er krav til kjønnsbalanse i styret.

Samarbeidsrådet gjorde i november 2019 ei drøfting iht samansetning av styret og vart samde om å tilrå at det er ordførarar som utgjer styret, og at rådmenn/ kommunedirektør vert representert i arbeidsutvalet.

I inneverande periode (2019-2021) har styret vore samansett av følgjande personar:

Styresamansetnad frå 5. april 2019

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune, leiar
Ordførar Siri Klokkerstuen, Etne kommune, nestleiar
Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (medlem)
Ordførar Jorunn Skåden, Sveio kommune (varamedlem)

Nytt styre frå 6. desember 2019

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune, leiar
Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune, nestleiar
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune, medlem
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune, varamedlem

Det har vore tradisjon for ei rullering mellom kommunane iht val av nytt styre. Etter ei fast rullering føreslår difor styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland at styret vert samansett av følgjande personar for perioden 2021-2023:

Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune, leiar
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune, nestleiar
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune, medlem
Ordførar Gaute Epland, Stord kommune, varamedlem

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til kven som vert innstilt som nytt styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 15/21

THM/aat

FRAMLEGG TIL REPRESENTANTSKAPSLEIAR OG NESTLEIAR 2021-2023

Representantskapet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av 3 kommunestyrerepresentantar frå kvar kommune m/ personlege varamedlemmer.

Oversikt over representantskap for perioden 2019-2023:

Medlemmer

Austevoll:

Edvard Johannes Stangeland
Joon Raymond Haugland
Håvard Endre Waage

Bømlo:

Inge Reidar Kallevåg
Anne Torhild Johannessen
Torunn Laurhammer

Etne:

Siri Klokkestuen
Lars Olav Bergsvåg
Kenneth Lyng Karlsen

Fitjar:

Terje Stokken
Anja M Austlid/Grete Marit V. Maraas
Jo Kjetil Strand

Kvinnherad:

Hilde Enstad
Gaute Lund
Silvia Tofte

Varamedlemmer

Renate Møgster Klepsvik
Liv Bente Fagerbakke Storebø
Inga Margrethe Fagerbakke

Lars Kåre Katla

Bjørn Asle Teige
Morten Helland

Kari Aakra
Knut Erik Ebne
Kristin Golf

Bård Inge Sørfonn
Kristian Skumsnes
Angunn Bårdsen

Gunnar Våge
Synnøve Solbakken
Ove Lemicka

Stord:

Katrin Ankervold
Torbjørn Brosvik
Sigbjørn Framnes

Marita Vassnes
Silje Vatna
Marte Tveita Djuvsland

Sveio:

Ruth Eriksen
Asle Halleraker
Arne Valen

Rune Teikari
Linn Therese Erve
John Økland

Tysnes:

Ingrid Tysnes Stue
Ole Chr. Kjerrgård
Magne Storesætre

Patrick Russel Madsen
Ane Vermedal
Bjørn Lande

I perioden 2019-2021 har Siri Klokkestuen (Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim), Etne kommune vore leiarar, medan Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommunar har vore nestleiar.

Oversikt over representantskapsleiarane/nestleiarane i perioden 2007-2021:

	Leiar	Nestleiar
2007-2009	Edvard Johannes Stangeland, Austevoll	Lorentz Lunde, Tysnes
2009-2011	Lorentz Lunde, Tysnes	Wenche Tislevoll, Fitjar
2011-2013	Harald Rydland, Fitjar	Arve Opsanger, Kvinnherad
2013-2015	Arve Opsanger, Kvinnherad	Jarle Jacobsen, Sveio
2015-2017	Ruth G. Østebøvik Eriksen, Sveio	Lene Pilskog, Stord
2017-2019	Lene Pilskog, Stord kommune	Ingemund Berge, Etne kommune
2019-2021	Siri Klokkestuen (Mette Heidi B. Ekrheim)	Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune

Dersom ein vel å fortsette rulleringa slik det har vore, er det Bømlo kommune som skal ha representantskapsleiar og Austevoll kommune nestleiar.

Administrasjonen har vore i kontakt med ordførarane i Bømlo og Austevoll som har sett fram forslag om at Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune vert leiar og Joon Raymond Haugland, Austevoll kommune vert nestleiar for perioden.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til kven som vert innstilt som ny leiar og nestleiar til Representantskapet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek forslag til innstilling til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00
Teams

Sak 16/21
THM/aat

FRAMLEGG TIL REVISOR

RSM Norge AS har vore revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland sidan 2006. Det har vore eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom Samarbeidsrådet og revisor.

Revisortenestene vart sendt ut på anbod hausten 2020 og Administrasjonen har henta inn tilbod frå følgjande aktørar:

- BDO AS
- KPMG AS
- RSM Norge AS

Det vart etterspurt pris for ordinær revisjon, prosjektrevisjon samt pris for annan bistand innan revisjon- og revisjonsnære tenester.

Tilboda varierer for følgjande revisjonskostnader (eks.mva):

Kr. 32 000,- til kr. 38 000,- pr. år – ordinær revisjon

Kr. 2 000,- til kr. 7 000,- pr. prosjektrevisjon

Kr. 800,- til kr. 2 400,- pr. time – annan bistand

Administrasjonen har gått gjennom dei ulike tilboda og vil ut i frå ei samla vurdering tilrå at Samarbeidsrådet for Sunnhordland går inn for å nytta RSM Norge AS til revisjon.

Det er styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland som gir innstilling til representantskapet. Det er likevel ønskeleg at Samarbeidsrådet gjev si tilslutnad til at RSM Norge AS fortset som revisor for Samarbeidsrådet i 2021.

Framlegg til vedtak:

Styret i Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2021

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 17/21

THM/aat

VAL AV REPRESENTANT TIL STYRINGSGRUPPA FOR REISELIV

Det er val av ny styringsgruppe for reiselivssatsinga annankvar år.

Styringsgruppa består av valde representantar frå kommunane, næringslivsrepresentantar og ein representant/politisk frå Samarbeidsrådet.

Ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune har vore Samarbeidsrådet sin representant i styringsgruppa i perioden 19-21, med ordførar Siri Klokkestuen/Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Etne kommune som vararepresentant.

Administrasjonen bed om at Samarbeidsrådet vel ny representant og vararepresentant til styringsgruppa for reiseliv for perioden 21 – 23.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet vel følgjande representant og vararepresentant til styringsgruppa for reiseliv for perioden 21-23:

- 1 representant
- 2 vararepresentant

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 19. mars kl. 08.00

Teams

Sak 18/21

THM/aat

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling – felles fråsegn

Den regionale planen *Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033* er ute på høyring med frist 26. mars 2021. Arbeidsutvalet tilrår felles uttale. Den 11. mars blei det gjennomført regionalt høyringsmøte, kor nestleiar Mette Heide Bergsvåg Ekrheim hadde innlegg på vegne av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Planen har tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling: Handlar om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål.
- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Areal til næringsutvikling: omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland sender felles uttale på den regionale planen *Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033*.